

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.05.2015

Vår ref.: 201306828-8

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tord Solvang

22959248/toso@nve.no

Clemens Kraft AS — Søknad om løyve til å byggje Steinsåna kraftverk i Suldal kommune, Rogaland — høyring

NVE har motteke ein søknad frå Clemens Kraft AS, datert 20.04.2015, om løyve til å byggje Steinsåna kraftverk i Suldal kommune.

Søkjar har lansert to utbyggingsalternativ. Alternativ I vil nytte eit fall på 305 høgdemeter i Steinsåna, frå inntak på 378 moh. ved Markosvatnet til kraftstasjon på 73 moh. like oppstraums Ritlandsvatnet. Alternativ II planleggast med inntak på 323 moh. og kraftstasjon på same stad som i alt. I. Vassvegen vil bli høvesvis 1 800 m (alt. I) og 1 375 m (alt. II) og uavhengig av alternativ bli nedgrave/-sprengd i grøft. Det vil bli behov for midlertidig anleggsveg langs røyrkata. Det må òg påreknast noko opprusting av eksisterande skogsbilveg til kraftstasjonsområdet. Middelvassføringa er berekna til høvesvis 440 l/s (alt. I) og 470 l/s (alt. II). Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,25 MW (alt. I) eller 1,95 MW (alt. II), og vil etter planane produsere høvesvis 7,4 GWh eller 6,5 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 10 l/s heile året for begge alternativa. Det er på nivå med utrekna alminneleg lågvassføring.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Steinsåna kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknaden med vedlegg blir lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Suldal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicetorget i kommunehuset på Sand fram til **6.7.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka blir sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **6.7.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Tord Solvang
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kopi av kunngjering
 Orientering til høyringspartane
 Papirversjon av søknaden (berre til kommunen)

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Fylkesmannen i Rogaland
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland
Norges Miljøvernforbund
Norsk Ornitologisk Forening Rogaland
Rogaland fylkeskommune
Ryfylke friluftsråd
SKL Nett AS
Statens Vegvesen - region vest
Suldal Elverk KF
Suldal kommune
WWF Norge AS

Kopi til:

Clemens Kraft AS